

Fylkestinget vil samle heile Vestlandet i Vestland

Eit av hovudmåla i intensjonsavtalen mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er: framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet.

I den politiske plattformen for samarbeid mellom koalisjonspartia i Vestland fylke, i perioden 2019 til 2023, står følgjande:

«Samarbeidspartia ønskjer på generelt grunnlag at Vestland er aktiv i å søkja dei moglegheitene som ligg i regionreforma. Samarbeidspartia legg den vedtekne intensjonsplanen for Vestland til grunn.»

For meg og for oss i Hordaland var det heile tida eit sterkt ynskje om at Rogaland fylke også skulle bli ei del av Vestland. Eg beklagar at eit fleirtal i Rogaland stemte ned den framforhandla intensjonsavtalen, og sette Rogaland på sidelinja. Med bakgrunn i vedtaket fylkestinget gjorde i Rogaland når dei handsama intensjonsplanen og etter fylkestingsvalet i haust, er det etter interpellantens syn grunnlag for å starte nye samtalar med Rogaland.

For å verte ei reell motvekt til det sentrale austlandsområdet, må me samla Vestlandet.

Slike prosessar krev tolmod og hardt arbeid.

Spørsmål:

1. Er fylkesordføraren einig i at Rogaland fylke bør bli ein del av Vestland fylke?
2. Vil fylkesordføraren ta initiativ til samtalar med Rogaland fylkeskommune, med målsetting om at også Rogaland skal inngå i Vestland fylkeskommune?

Forslag til vedtak:

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune ønskjer samanslåing med Rogaland fylkeskommune, og ber fylkesordføraren om å starte denne prosessen så fort som mogleg.

Anne Gine Hestetun

Gruppeleiar, Arbeiderpartiet